

Strandebarm sokneråd

møte onsdag 28. november 2018 kl. 1830
i Strandebarm kyrkjelydshus

Møte nr. 7 / 2018

Tilstades:

Anne Marie Bogetveit Berge, Brita Kolltveit, Olav Tombre, Anne Kristin Aasen Gjerstad, Åse Sandnes Fosse, Kristian Neteland, sokneprest Roar Strømme

Andre: Lillian Hjartåker Fosse, Gunn Bjørg Håland Thorbjørnsen
Forfall: Torill Gjerde, Siv Ljones

Anne Marie ynskte velkommen.

I ord for dagen reflekterte Roar om kor viktig det er å ha ei oppgåve i livet, eller oppleve å leva eit meningsfylt liv. Og at det er det som fører til at me opplever lukke i livet.

Sakliste:

42/18 Innkalling og referat

Ingen merknad til innkallinga eller referatet frå sist møte som vart godkjent.

43/18 Orienteringar

Roar opplyste at kateket no er tilsett, og at det vert vigsling og innsetjing den 27. januar i Norheimsund kyrkje med m.a. bispen tilstades.

Monica er f.t. sjukemeldt.

Olav og Roar orienterte litt frå Fellesrådet. Økonomien vert stabil i 2019 med ei auka råme på om lag 2,7 %. Arbeidet med å få til ein diakonstilling held fram, og ein tek sikte på snarleg utlysing.

Brita kunne opplysa at Vipps no er oppretta for soknet, og at Vippsnummeret til Offerkontoen i Strandebarm er **541989**. Vil koma informasjon om dette i kyrkja.

Anne Marie hadde saman med Torill vore og sett på ei eldre albertavle av ukjent opphav som er i privat eige i bygda. Eigar sonderte moglegheita for at kyrkja kunne overta denne. Dette lyt ein undersøkje nærare før ein tek stilling til.

44/18 Strandebarm kyrkjeblad

I desember-nummeret av kyrkjebladet kjem det ikkje noko orientering frå soknerådet om den økonomiske stoda, og ikkje noko om framtida for Kyrkjebladet.

Karen Matthiessen har meldt frå at ho no sluttar som redaktør.

AU drøfta korleis vi best kan informera kyrkjelyden og uttrykkja forståing for at det på mange måtar er eit tap for bygdene våre i mista «sitt» blad. Samstundes kan det også vera føremoner med eit felles kyrkjeblad for Kvam. Det er viktig at mange føler ansvar for at det blir sendt inn stoff frå Strandebarm.

Etter drøfting av ulike alternatig, kom ein til at det mest naturlege i denne situasjonen er å gå saman med Kyrkjeblad for Kvam og Jondal. Dette må avspeglast tydeleg i neste nummer av det nye bladet, og at historie og bakgrunn for avgjerda kjem tydeleg og godt fram. Vidare ynskjer soknerådet både markera og rosa Karen og Johannes, m.a. med kr. 1000.- i gavekort til kvar av dei på Huus bokhandel. Dei har no i mange år har lagt ned eit stort og godt arbeid med Strandebarm kyrkjeblad.

Soknerådet vil spørja kyrkjevevja om korleis ein best kan taka vare på det historiske arkivet omkring Strandebarm kyrkjeblad.

Soknerådet gjorde slik vedtak; Strandebarm Kyrkjeblad vert lagt ned. Orientering om dette blir gitt i neste nummer av Kyrkjeblad for Kvam og Jondal som då også blir sendt til alle i Strandebarm. Bladet må orientera om årsaker til nedlegginga og om vegen vidare.

Sak 45/18 Kistesinking med tau

Fleire i kyrkjelyden har uttalt at dei føler seg utrygge på å vera med på å senka kiste med tau, og er skeptiske til soknerådet sitt vedtak om å innføra dette. Det har vore nytta senkeapparat i mange år, og det er den måten folk er vane med no. På den andre sida er ordninga innført for å få ei betre oppleving og meir personleg deltaking i gravferda. Dette har ein positive erfaringar frå andre sokn som har gått attende til slik senking. Det er difor uheldig dersom det no vert reist tvil om kva som skal vera den nye hovudregelen. For soknerådet er det likevel viktig å ta tilbakemeldingar på alvor for dei som synest dette gjer situasjonen vanskeleg av ulike grunnar.

Etter eit ordsifte var det semje om slikt vedtak:

Frå 01.01.2019 vert det som ei prøveordning innført senking av kister med tau. Men det vert også mogeleg for pårørande å velja senking med senkeapparat.

Kyrkjeleg tilsette har i samarbeid med gravferdsbyrå ansvar for å ha gode rutinar for å halde styr på kva type senking det skal vere i kvar enkelt gravferd.

Sak 46/18 Soknerådsvalet 2019: val av nominasjonsnemd

Det er enno ikkje kome ein tidsplan for arbeidet med soknerådsvalet, men fleire sokn er kome i gong med å velja nominasjonsnemd. Ved sist val var 3 personar med i nominasjonsnemda Nominasjonsnemd for soknerådsvalet 2019: Åse Sandnes Fosse, Siv Ljones og Torill Gjerde. Leiar i valstyret 2019; Olav Tombre.

47/18 Evaluering LYS VAKEN + 4-årsbok, Temakveldar

Lys Vaken var ei vellukka hending. Fire levar ved Framnes hjelpte Daniel med dette, i tillegg til andre som stilte opp som brannvakter.

4-årsbok vart dela ut under gudsteneste. Det var godt frammøte og triveleg for både born og vaksne.

Temakveldane har også gått bra. Siste kvelden med Tore Skeie, som fortalte om Menneske i Nepal var godt besøkt.

48/18 Eventuelt

Leiar orienterte litt om arbeidet med ny kyrkjeordning. Uttalefristen er sett til 15.12.18.

Ho etterlyste brannvakter til julegudstenesta, som i år er 24. desember.

Ho minna dessutan om Strandebarm Songlag sin konsert i kyrkja onsdag den 19.12.

Neste møte: Tysdag 29. januar.

Møtet avslutta kl. 2035 med Fadervår.

Olav Tombre, skrivar